

Referat frå elevrådsmøte 15.04.19

Tid og stad: Onsdag 15.05.19 kl. 9.55 på naturfagsalen.

Møtt:

Saker:

15-2018/19 Vidare arbeid med elevundersøkinga.

Vi tok opp tre punkt i samband med elevundersøkinga og drøfta dei saman på møtet. Alle elevrådsrepresentantane fekk komme med sine synspunkt og dei er kommen med i referatet. Dei tre områda vi tok tak i frå elevundersøkinga var:

1. Vaksne reagerer ulikt på regelbrot
2. Elevar kallar medelevar for stygge ting
3. Elevar treng å respekter mobilreglementet betre.

1. Vaksne reagerer ulikt på regelbrot

- a. Når nokon er skada, bruker nokre lærarar lang tid på å hjelpe, medan andre er veldig hjelpsame.
- b. Nokre lærarar er for strenge og nokre for snille. T.d. gjev nokre lærarar ingen forvarsel før konsekvensen kjem ,medan andre gjev mange forvarsel/sjansar. T.d. snakke i timen.
- c. Forskjell i måten lærarar gjev beskjedar på, t.d. når elevar klatrar på skuret seier somme lærarar: «Kom ned!», medan andre seier: «Første mann ned!»
- d. Nokre lærarar gjev deg ikkje nok forklaring for tilbakemeldinga, berre «kjeftar». Elevane får ikkje forklare seg.
- e. Når elevar kjem for seint inn frå friminuttet, møter nokon forståing, medan andre vert irettesett.

2. Elevar kallar medelvar for stygge ting.

- a. Elevane kom med døme på at elevar seier stygge ting på tull, men ikkje alle elevar er med på leiken. Dei kan bli såra av den tøffe dialogen.
- b. Elevar skjuler kva som har skjedd og blitt sagt for lærarar ute i friminutta. Difor er det viktig at lærarar kjem tidleg ut på vakt.

3. Elevar treng å respektere mobilreglementet betre. Kva kan gjerast? Mobilskap?

Regelendringar?

- a. Mobilskap er ikkje løysinga fordi elevar kan ta med seg mobil i lomma uansett.
- b. Elevar låser seg inn på toalettet med telefonen.
- c. Elevar skjuler airpods bak håret og høyrer på musikk i timen utan at lærarar får det med seg.

16-2018/19 Eventuelt.

- Ytterdøra vert seint låst opp. Elevane ynskjer at døra vert opna seinast 07.45.

Referent: Idar Rykkje Hopland